




Fylkesmannen
i Møre og Romsdal

Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2018



FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir årleg ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen for kommunane. Ein finn også tal for alle kommunane i Noreg utanom Oslo som referanseverdi. (Oslo fungerer også som ein fylkeskommune).

Rapporten er aktuell for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi og økonomiske berekraft.

Statistikk som er presentert i rapporten er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), der hovudvekta av tal er henta frå Kommune- Stat-Rapportering (KOSTRA). Medio juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå kommunane frå føregåande år. Om det ikkje er blitt opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rapporten inneheld og tal som er innhenta og samanstillt av Kommunal - og moderniseringsdepartementet (KMD). Rekneskapstal som blir nytta, er konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. For å få ei meir inngåande oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til rekneskapane. Rapporten er også tilgjengeleg på vår heimeside.

Molde. 4. juli 2019

INNHALD

1	Kommunestruktur	4
1.1	Status.....	5
1.2	Utfordringsbilde	6
2	Demografi.....	8
2.1	Framskrivning av eldre i Møre og Romsdal	10
2.2	Forventa tenestebehov	13
3	Driftsresultat.....	16
3.1	Netto driftsresultat og formuesbevaringsprinsippet	16
3.2	Brutto driftsresultat.....	17
3.3	Netto driftsresultat.....	18
4	Investeringar.....	20
4.1	Gjeld	21
4.2	Renteeksponert gjeld	23
4.3	Gjeld i kommunane	26
4.4	Auke av kommunar med lite berekraftig gjeldsbelastning	29
4.5	Likvide midlar/disposisjonsfond.....	30
5	Robek.....	33
6	Ny kommunelov	35
6.1	Økonomireglane i ny kommunelov	35
6.2	Robek.....	35
6.3	Økonomiplan, budsjett, årsrekneskap og årsmelding.....	36
6.4	Ny regel for berekning av minimumsavdrag på lån	36
7	Kjelder.....	37

1 KOMMUNESTRUKTUR


Kommunestrukturen er i endring, fleire kommunar slår seg saman og kommunegrenser vert justert. I Møre og Romsdal har vi 36 kommunar, og vil frå 1.1. 2020 ha 26 kommunar.

Dei nye kommunane blir :

- Hustadvika kommune: tidlegare Fræna kommune og Eide kommune
- Molde kommune: tidlegare Molde, Midsund og Nesset
- Ålesund kommune: tidlegare kommunane Ålesund, Skodje, Ørskog, Haram og Sandøy
- Fjord kommune: tidlegare Norddal kommune og Stordal kommune.
- Volda kommune: tidlegare Volda og Hornindal kommune (Sogn og Fjordane)

Halsa kommune blir ein del av Trøndelag fylke i Heim kommune.

Møre og Romsdal er inne i ei spanande tid, der nye kommunar skal byggast av enten to eller fleire kommunar. Både dei nye og eksisterande kommunane skal yte eit godt og berekraftig tenestetilbod til innbyggjarane, i eit samfunn i endring, kor ein må tilpasse nivå på tenestene og tilverke nye løysingar. Dette må kommunane gjere for å utnytte tilgjengelege ressursar på ein effektiv måte. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei berekraftig forvaltning av kommuneøkonomien.



Figur 1. Møre og Romsdal 01.01.2020.

1.1 STATUS

Tabell 1. Havbruksfond 2018

	Kommune	Utbetaling havbruksfond 2018 i NOK
1502	Molde	1 688 518
1504	Ålesund	
1505	Kristiansund	12 945 701
1511	Vanylven	7 879 751
1514	Sande	
1515	Herøy	4 502 715
1516	Ulstein	1 688 518
1517	Hareid	
1519	Volda	9 005 429
1520	Ørsta	8 659 067
1523	Ørskog	
1524	Norrdal	2 250 693
1525	Stranda	7 317 383
1526	Stordal	1 689 182
1528	Sykkylven	
1529	Skodje	1 125 457
1531	Sula	
1532	Giske	6 191 233
1534	Haram	7 879 751
1535	Vestnes	6 753 408
1539	Rauma	4 502 272
1543	Neset	2 392 067
1545	Midsund	10 129 330
1546	Sandøy	2 251 357
1547	Aukra	6 912 600
1548	Fræna	3 939 875
1551	Eide	1 125 679
1554	Averøy	10 317 833
1557	Gjemnes	5 064 890
1560	Tingvoll	5 909 813
1563	Sunnadal	
1566	Surnadal	562 839
1567	Rindal	
1571	Halsa	16 884 992
1573	Smøla	44 288 318
1576	Aure	12 381 580
EKA15	Møre og Romsdal	206 240 251

Kommunane i Møre og Romsdal har dei siste åra hatt ein god vekst i skatteinngangen. Stortinget vedtok i 2015 å opprette eit havbruksfond, og fleire av kommunane i Møre og Romsdal har fått tilført midlar gjennom havbruksfondet. Dette har medført at kommunane har hatt meir frie midlar tilgjengeleg til drift og investeringar. Frå 2016 skulle 80 prosent av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom havbruksfondet til kommunal sektor. Som tabell 1. Havbruksfond 2018 viser har kommunar i Møre og Romsdal fått 206,2 millionar kroner frå havbruksfondet i 2018. Smøla kommune fekk 44,2 millionar kroner.

Når ein ser på netto driftsresultat er nivået for kommunane i fylket redusert i høve til 2017. Kommunane i Møre og Romsdal leverte eit netto driftsresultat på 1,2 prosent. Korrigert for Aukra er resultatet for Møre og Romsdal på 0,9 prosent av brutto driftsinntekter. Landet, utanom Oslo, har eit netto driftsresultat på 2,2 prosent. Både Møre og Romsdal og landet, utanom Oslo, har hatt ein nedgang, men Møre og Romsdal har ein større nedgang enn landet, utanom Oslo.

Nøkkeltala viser at gjelda har auka frå 2017 til 2018. Gjelda til kommunane i Møre og Romsdal er høgare enn landet, utanom Oslo. I 2017 hadde Møre og Romsdal den høgaste netto lånegjelda i landet, men i 2018 var det Finnmark og Troms som låg høgast i netto lånegjeld. Gjeldsnivået tyder på at kommunane over lang tid har nytta moglegheita som ligg i det historisk låge rentenivået. Kommunane har også nytta veksten i frie

midlar til å investere, og såleis auka kostnadsnivået. Tendensen med høgare gjeldsgrad blant kommunane gjer at handlingsrommet til kommunane blir redusert.

Dei to andre faktorane som påverkar handlingsrommet til kommunane er netto driftsresultat og disposisjonsfond. Storleiken på disposisjonsfondet til kommunane er direkte knytt til avsetting kommunane gjer av netto driftsresultat. Møre og Romsdal har igjen eit lågare nivå enn landet, utanom Oslo. Dette er knytt til at kommunane i Møre og Romsdal har eit lågt netto driftsresultat, som gir mindre moglegheit til avsetting på disposisjonsfond.


Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat er på minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter. Tala for Møre og Romsdal viser at 14 av kommunane har negativt netto driftsresultat, og 10 kommunar har positivt netto driftsresultat som er lågare enn tilrådinga frå TBU. Samla er det 25 kommunar som ikkje er på tilrådd nivå.

16 av kommunane har også høgare nettogjeld enn 100 prosent. Norges Bank har i rapport datert 26. juni 2019 utarbeidd ei prognose som seier at styringsrenta skal aukast frå noverande 1,25 prosent til 1,75 prosent innan utgangen av 2022. Avsetting til - eller mangel på avsetting til disposisjonsfond er ein konsekvens av netto driftsresultat i den enkelte kommune.

Disposisjonsfondet er en del av kommunens eigenkapital, og såleis en del av handlingsrommet til kommunen. Tilrådinga om å ha eit disposisjonsfond frå 5 til 10 prosent av brutto driftsinntekt er for å skape handlingsrom til kommunane.

1.2 UTFORDRINGSBILDE

Regjeringa har indikert at frie inntekter gradvis blir justert, og Norges Bank har indikert at innan 2022 har vi ei styringsrente på 1,75 prosent. Krava til kommunane i høve til tilbod av tenester blir endra ved at vi blir fleire eldre. I ny kommunelov er krava til betre økonomisk styring og kontroll styrka.



Figur 2. Styringsrenta med usikkerhetsvifte, 26.06.2019

Styringsrenta blei på møtet i Norges Bank den 26. juni 2019 heva med 0,25 prosent frå 1,0 til 1,25 prosent. Norges Bank har signalisert ei renteheving til i år. Hovudtrekka frå vurderinga til Norges Bank er ein sterk oppgang blant oljeleverandørane og ei svak krone som bidreg til renteaukinga. Med ei renteutvikling i tråd med vurderinga, ser prisveksten ut til å halde seg nær inflasjonsmålet (2 prosent) framover, og arbeidsledigheita ser ut til å halde seg låg.

Ein kan ikkje forvente like høg vekst i overføringar frå staten framover slik som ein har hatt dei siste åra. Meirskattetilgangen kommunane opplevde frå 2016 t.o.m. 2018 skuldast ekstraordinære tilhøve, og kommunane vil ikkje få ei liknande hjelp i åra som kjem. Midlar frå havbruksfondet var ei ekstraordinær inntekt for kommunane.

Auka skatteinngang og eit høgt investeringsnivå i kommunane kan vere ein av fleire forklarande faktorar til lågare nettomargin enn landet, utanom Oslo. Ein må også sjå på at fylket består av fleire små kommunar og 18 kommunar var under 5000 innbyggjarar i 2018. Mange av kommunane har store avstandar og spredt busetting, som og kan gjere det vanskeleg å oppretthalde ei berekraftig utvikling og eit godt tenestetilbod til innbyggjarane.

Det har vore ei gjeldsoppbygning i fylket frå 2015 til 2018, og dette kan bli utfordrande for kommunane framover. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt på 103,7 viser at fylket ligg i toppsjiktet i statistikken for 2018. Den høge gjeldsgraden gjer kommunane meir sårbare for forventa renteaukingar.

Høg lånegjeld gir også signal om ei tilsvarande investeringstakt som kan redusere behovet for investeringar innan rehabilitering/oppussing av bygg og infrastruktur dei komande åra.

I 2018 blei ein ny kommune i Møre og Romsdal meldt inn i Robek, det betyr at det i 2018 var fem kommunar i Robek-registeret. I landet elles var det 17 kommunar meldt inn i Robek-registeret. I Møre og Romsdal er tre av Robek kommunane meldt ut og ein meldt inn i Robek-registeret i 2019, det vil seie at det per juli 2019 er 3 ROBEEK kommunar i fylket.

Kommunane skal vere aktive pådrivarar i samfunnsutviklinga. For å få dette til er det naudsynt med god og langsiktig planlegging. Dette kan sjølvstekt gjerast best ved at kommunane unngår statleg kontroll av økonomiske disposisjonar.

2 DEMOGRAFI

Per 1. kvartal 2019 er det 5 334 762 personar i Noreg, ei auke på 31 984 frå same kvartal i fjor. Hovudalternativet til SSB når det gjeld framskriving av folketal viser at innan 2040 er vi 6 056 245 personar busett i Norge. Møre og Romsdal har ein samla nedgang i innbyggjartal i høve til landet, utanom Oslo.

Den samla veksten for Møre og Romsdal frå 1999 til 2019 er på 10,3 prosent, og for heile landet var veksten 19,9 prosent. Kommunane Skodje, Sula, Giske og Ulstein har den største folketalsveksten, medan Vanylven, Sande, Norddal, Nesset, Halså og Smøla har den største nedgangen i folketal.

Tabell 2. Befolkningsutvikling

År	Befolkning ant. Personar	1999	2019	%-vis endring 1999-2019	Endring personar 1999-2019
1502	Molde	23 602	27 001	14,4	3 399
1504	Ålesund	38 251	47 998	25,5	9 747
1505	Kristiansund	0	24 274	0,0	0
1511	Vanylven	3 607	3 163	-12,3	-444
1514	Sande	3 092	2 493	-19,4	-599
1515	Herøy	8 359	8 927	6,8	568
1516	Ulstein	6 537	8 609	31,7	2 072
1517	Hareid	4 731	5 155	9,0	424
1519	Volda	8 280	9 197	11,1	917
1520	Ørsta	10 357	10 857	4,8	500
1523	Ørskog	2 084	2 250	8,0	166
1524	Norddal	1 969	1 645	-16,5	-324
1525	Stranda	4 699	4 565	-2,9	-134
1526	Stordal	1 064	947	-11,0	-117
1528	Sykkylven	7 248	7 657	5,6	409
1529	Skodje	3 491	4 764	36,5	1 273
1531	Sula	7 005	9 271	32,3	2 266
1532	Giske	6 337	8 398	32,5	2 061
1534	Haram	8 733	9 383	7,4	650
1535	Vestnes	6 505	6 536	0,5	31
1539	Rauma	7 504	7 487	-0,2	-17
1543	Nesset	3 291	2 956	-10,2	-335
1545	Midsund	1 979	2 019	2,0	40
1546	Sandøy	1 359	1 238	-8,9	-121
1547	Aukra	2 961	3 539	19,5	578
1548	Fræna	9 094	9 800	7,8	706
1551	Eide	3 092	3 433	11,0	341
1554	Averøy	5 470	5 849	6,9	379
1557	Gjemnes	2 678	2 641	-1,4	-37
1560	Tingvoll	3 097	3 045	-1,7	-52
1563	Sunndal	7 431	7 106	-4,4	-325
1566	Surnadal	6 246	5 928	-5,1	-318
1567	Rindal	2 156	0	0,0	0
1571	Halsa	1 847	1 574	-14,8	-273
1573	Smøla	2 432	2 134	-12,3	-298
1576	Aure	0	3 553	0,0	3 553
	M&R	242 538	267 420	10,3	24 882
	Hele landet	4 445 329	5 328 212	19,9	882 883
	M&R i % av landet	5,5	5,0		2,8

2.1 FRAMSKRIVING AV ELDRE I MØRE OG RØMSDAL


Det er fire tunge trendar som påverkar innbyggjartal; befolkningsvekst, aldring, innvandring og sentralisering. For å estimere den framtidige befolkninga (befolkningsveksten) nyttar SSB følgande formel:

Framtidas befolkning = Tal for dagens befolkning + Forutsetningar: (Fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og netto innvandring)

Tala viser at uavhengig av alternativ (hovudalternativ, lav vekst, høg vekst) så får vi ein aukande del eldre i befolkninga.

Neste hovudtrend som er innvandring er meir usikre, då ulike forhold utanom våre landegrenser påverkar innvandringa.

Historiske tal viser ein auke av befolkninga særleg i dei store byane som truleg vil fortsette.



Figur 3. Framskriving av befolkninga

Figur 3. Framskriving av befolkninga viser tre alternativ for landet. Høg vekst, hovudalternativet og låg vekst. Hovudalternativet frå SSB er det alternativet som er bruka vidare i denne rapporten.

Tabell 3. Framskriving 67-79 år, 80-89 år og 90 år og eldre

	%-vis endring 2019- 2025	%-vis endring 2019- 2030	%-vis endring 2019- 2035	%-vis endring 2019- 2040
67-79 år				
Menn	17,6	20,8	25,3	31,1
Kvinner	16,3	19,4	20,9	26,0
80-89 år				
Menn	28,8	82,2	117,5	135,8
Kvinner	15,7	50,8	76,4	89,3
90 år og eldre				
Menn	16,6	33,6	93,1	188,2
Kvinner	-2,1	1,6	29,3	76,1

For Møre og Romsdal visast framskrivinga i tre alderskategoriar. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er i kontinuerleg utvikling.

Dei siste 20 åra har kommunane fått nye oppgåver, og ein stor tilvekst av nye brukargrupper. Framskrivinga av den eldste delen av befolkninga er viktig å sjå på i høve til behova for helse -og omsorgstenester og planlegging av desse tenestene. Talet på personar over 67 år vil meir enn doblast fram

mot 2040, samtidig som den yrkesaktive delen av befolkninga reduserast. Det vil truleg bli ei utfordring når det gjeld personellsituasjonen innan helse- og omsorgssektoren.

Aldersgruppa mellom 67 og 80 år er forventa å vere meire ressurssterke, ha betre økonomi, ha betre bu forhold, høgare utdanning og betre helse enn tidlegare generasjonar. Dette vil vere en ressurs som kommunane også må planlegge for framover.

Ei rekke nye lover og reformer har lagt grunnlaget for eit omfattande tenestetilbod på kommunalt nivå. Auka aktivitet i spesialisthelsetenesta, omlegging av drifta til kortare liggetid, meir dagbehandling og poliklinisk verksemd har også bidratt til at fleire oppgåver enn tidlegare blir løyst i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Det blir derfor stilt krav om stadig meir kompleks medisinsk behandling i dei kommunale tenestene. Samtidig er det i kommunane ei dreining frå tradisjonelle institusjonstenester til heimebasert behandling, tilrettelegging og oppfølging.

Helse - og omsorgssektoren er ein av dei store kostnadsdriverane til kommunane. Auken i utgiftene til helse- og omsorgsarbeid kjem dels frå dei mange nasjonale satsingane og dels frå nye behov i dei ulike tenestene som skal dekkast av kommunane. Eit aukande behov for tenester til ei aldrande befolkning utfordrar økonomien til kommunane i Møre og Romsdal. Kommunale utgifter til helse - og omsorgstenestene utgjør om lag 1/3 av det dei totale utgiftene kommunane har. Her er det store variasjonar mellom dei ulike fylka, også i kommunane ser ein at det er store skilnadar.

For å få eit bilete av utfordringane framover innanfor ei aldrande befolkning og nivået på utgiftene knytt til helse – og omsorgstenesta, er dei totale brutto utgiftene per innbyggjar for kommunane samanstillt med utgiftene knytt til heimetenesta og institusjonsbehandling per innbyggjar. Sjå tabell 4. Brutto driftsutgifter totalt, for heimeteneste og institusjon per innbyggjar.

Tabell 4. Brutto driftsutgifter totalt, for heimeteneste og for institusjonstenester per innbyggjar.

Beløp per innbyggjar (kr)							
		2017	2018	2017	2017	2018	2018
	Kommunar	Brutto utgifter totalt	Brutto utgifter totalt	Brutto utgifter Heimetenesta	Brutto utgifter institusjon	Brutto utgifter Heimetenesta	Brutto utgifter institusjon
1502	Molde	82 954	87 107	10 291	11 630	10 572	13 055
1504	Ålesund	76 841	79 206	8 979	10 468	9 587	11 649
1505	Kristiansund	82 608	85 959	87 86	13 743	10 117	15 037
1511	Vanylven	97 668	103 476	12 222	18 041	13 281	18 975
1514	Sande	100 341	103 705	13 718	17 105	13 363	19 629
1515	Herøy	75 042	77 656	9 944	9 091	10 928	10 132
1516	Ulstein	80 185	83 670	5 264	10 586	5 484	10 907
1517	Hareid	82 117	84 238	9 050	11 267	9 420	12 277
1519	Volda	92 079	100 541	8 091	12 707	8 052	14 371
1520	Ørsta	78 771	81 608	9 654	11 837	10 138	12 298
1523	Ørskog	94 640	98 860	8 063	12 982	8 775	13 864
1524	Norddal	121 702	131 731	17 258	16 811	18 801	17 653
1525	Stranda	82 853	88 854	8 654	15 059	9 360	17 399
1526	Stordal	122 454	126 741	16 692	17 010	17 576	16 105
1528	Sykkylven	69 233	71 983	4 146	15 003	4 359	16 018
1529	Skodje	77 635	79 781	5 839	12 166	5 925	12 603
1531	Sula	73 874	77 439	2 812	16 135	3 349	17 342
1532	Giske	71 971	74 044	893	15 871	948	16 727
1534	Haram	73 288	76 119	8 648	12 735	8 966	13 912
1535	Vestnes	99 548	103 072	15 889	23 885	15 779	27 110
1539	Rauma	82 907	89 639	12 686	13 123	14 567	15 190
1543	Neset	101 347	106 113	16 346	14 634	17 134	16 924
1545	Midsund	100 836	102 787	12 241	16 764	13 060	17 453
1546	Sandøy	106 280	111 271	15 655	8 935	12 480	11 734
1547	Aukra	128 253	131 429	12 912	13 025	13 007	14 680
1548	Fræna	82 536	88 915	7 324	14 556	8 180	16 207
1551	Eide	91 277	94 770	10 376	15 041	10 761	16 742
1554	Averøy	75 245	77 681	8 113	11 974	8 899	12 373
1557	Gjemnes	88 239	89 466	11 872	12 105	11 818	13 651
1560	Tingvoll	96 432	101 856	12 312	10 333	12 564	10 963
1563	Sunnadal	116 587	114 393	15 028	13 747	14 431	15 372
1566	Surnadal	92 530	96 902	12 457	13 951	13 340	14 255
1567	Rindal	105 151	108 889	16 308	13 333	19 124	14 470
1571	Halsa	112 330	119 165	14 948	12 244	16 198	10 786
1573	Smøla	117 627	122 327	15 749	11 249	17 572	13 142
1576	Aure	105 335	113 157	9 754	16 814	10 582	15 235
EKA15	Møre og Romsdal	84 582	88 100	9 353	12 979	9 906	14 177
EAKUO	Landet utan Oslo	81 626	84 959	8 504	11 161	8 990	12 048

Møre og Romsdal ligg høgare enn landet, utanom Oslo, det gjeld både for total brutto driftsutgifter og driftsutgifter for heimetenester og institusjonstenester. Tenestene samla utgjær 27,33 prosent av bruttoutgifter per innbyggjar for Møre og Romsdal, og for landet, utanom Oslo, på 24,76 prosent.

Møre og Romsdal viser frå 2017 til 2018 ei auke på 4,16 prosent, jamfør totale brutto driftsutgifter for kommunane. Auka for helse- og omsorgstenester er på 5,91 prosent, og auka for institusjonstenester er på heile 9,23 prosent.

Kommunane Rindal, Norddal og Stordal ligg høgst i brutto utgifter til heimeteneste per innbyggjar, og lågast ligg kommunane Sykkylven, Sula og Skodje. Giske er ikkje medteken, grunna for låge observasjonar.

Kommunane Vestnes, Sande og Vanylven ligg høgst i brutto utgifter til institusjonstenestene, og lågast ligg kommunane Halså, Ulstein og Herøy.

2.2 FORVENTA TENESTEBEHOV

Store delar av den kommunale tenesteproduksjonen er retta mot bestemte aldersgrupper og den demografiske utviklinga gir viktig informasjon om utviklinga i behovet for kommunale tenester. I dette kapitlet ser vi på befolkningsframskriving og tal for tenestemottakarar av institusjonstenester og heimetenester for åra 2017, 2025 og 2040. I berekningane av talet på tenestemottakarar og arbeidskraftbehov framover er det tatt utgangspunkt i same dekningsgrad og standard på tenestene som i 2017. Det er betydeleg usikkerheit knytt til både befolkning, dekningsgrad og standard på lang sikt, og framskrivingane må kun tas som indikasjonar.

Framskrivningane tek utgangspunkt i tal frå KOSTRA for 2017 og hovudalternativet i Statistisk Sentralbyrå sine befolkningsframskrivingar frå juni 2018.

Tabellen under viser talet på mottakarar av institusjonstenester og heimetenester i alderen 0-66 år, 67-79 år, samt 80 år og eldre. Auken i talet på innbyggjarar i denne gruppa indikerer eit auka behov for kommunale tenester i denne aldersgruppa.

Tabell 5. Mottakarar av institusjonstenester og heimetenester.

Mottakarar av institusjonstenester og heimetenester										
		0-66 år			67-79 år			80 år og eldre		
		2017	2025	2040	2017	2025	2040	2017	2025	2040
1502	Molde	583	589	625	238	303	331	547	666	1 235
1504	Ålesund	921	936	954	370	483	578	922	1 074	1 966
1505	Kristiansund	636	617	625	254	325	346	442	593	1 140
1511	Vanylven	100	79	50	50	61	49	137	148	235
1514	Sande	53	49	41	26	32	37	89	86	136
1515	Herøy	158	149	135	97	123	141	265	299	507
1516	Ulstein	184	194	222	75	93	131	158	220	400
1517	Hareid	139	132	124	65	87	90	143	148	275
1519	Volda	220	231	247	105	125	137	209	248	400
1520	Ørsta	208	210	205	100	125	137	352	360	630
1523	Ørskog	47	43	39	24	31	28	47	60	127
1524	Norddal	28	24	17	14	16	15	69	74	117
1525	Stranda	63	59	52	30	33	37	182	185	246
1526	Stordal	27	24	18	13	14	20	34	38	55
1528	Sykkylven	196	177	143	93	120	128	190	221	420
1529	Skodje	61	64	75	28	40	47	67	78	171
1531	Sula	187	197	221	87	120	135	195	203	393
1532	Giske	145	155	181	67	89	104	138	171	323
1534	Haram	136	131	124	77	101	103	253	266	468
1535	Vestnes	174	161	144	93	126	133	176	212	402
1539	Rauma	205	192	168	99	122	129	270	277	452
1543	Nesset	76	68	55	19	23	24	119	124	208
1545	Midsund	30	29	29	15	17	19	54	51	77
1546	Sandøy	23	21	17	11	16	14	54	48	88
1547	Aukra	57	60	69	28	32	33	90	108	168
1548	Fræna	237	232	225	102	124	139	210	279	529
1551	Eide	100	92	80	53	72	75	72	85	162
1554	Averøy	152	149	155	77	98	102	147	194	377
1557	Gjemnes	60	55	48	29	37	31	66	80	155
1560	Tingvoll	121	111	102	60	64	67	93	123	171
1563	Sunndal	192	179	162	97	125	146	234	259	446
1566	Surnadal	127	121	119	62	71	78	166	239	388
1571	Halsa	64	56	49	25	29	24	64	81	130
1573	Smøla	56	53	54	27	35	32	95	111	182
1576	Aure	144	137	131	71	81	83	159	188	298
	Møre og Romsdal	5 907	5 776	5 707	2 683	3 394	3 723	6 508	7 598	13 477
	Noreg	102 340	105 007	108 381	48 478	59 327	72 461	102 604	127 415	224 780

Tabell 5. Mottakarar av institusjonstenester og heimetenester viser størst auke frå 2017 til 2040 for aldersgruppa 80 år og eldre. Ein auke på 107 prosent for fylket. For landet samla er auken på 119 prosent. Fleire eldre i åra framover vil krevje at kommunane fokuserer på tilrettelegging for kommunal tenester på ein anna måte enn i dag.

Tabell 6. Behov for årsverk institusjon og heimeteneste

Behov for årsverk institusjon og heimeteneste						
		2017	2025	2040	%-vis endring 2017-2025	%-vis endring 2017-2040
1502	Molde	826	941	1 324	14	60
1504	Ålesund	1 326	1 493	2 096	13	58
1505	Kristiansund	786	906	1 246	15	59
1511	Vanylven	127	127	148	0	17
1514	Sande	136	136	174	0	27
1515	Herøy	247	271	372	10	51
1516	Ulstein	189	230	341	22	80
1517	Hareid	145	153	205	6	41
1519	Volda	336	379	493	13	47
1520	Ørsta	327	345	482	5	47
1523	Ørskog	85	97	140	14	64
1524	Norrdal	82	84	109	3	34
1525	Stranda	181	182	220	1	22
1526	Stordal	43	45	54	3	25
1528	Sykkylven	197	213	284	8	44
1529	Skodje	121	141	227	17	88
1531	Sula	255	282	408	11	60
1532	Giske	217	258	378	19	74
1534	Haram	256	274	382	7	49
1535	Vestnes	413	465	633	13	53
1539	Rauma	307	316	400	3	30
1543	Nesset	156	156	208	1	34
1545	Midsund	75	74	95	-2	27
1546	Sandøy	42	41	57	-4	35
1547	Aukra	137	156	211	14	54
1548	Fræna	289	335	470	16	63
1551	Eide	106	118	149	11	41
1554	Averøy	147	172	247	17	69
1557	Gjemnes	92	102	139	11	51
1560	Tingvoll	93	102	116	9	24
1563	Sunndal	329	354	474	8	44
1566	Surnadal	270	328	444	21	65
1571	Halsa	77	83	102	9	33
1573	Smøla	106	118	159	12	51
1576	Aure	135	146	184	9	37
	Møre og Romsdal	8 654	9 622	13 171	11	52
	Noreg	142 937	164 555	228 782	15	60

Tabell 6. Behov for årsverk institusjon og heimeteneste. Viser behov for årsverk på institusjonar og i heimetenesta. I 2017-2025 er det 18 kommunar som får ein auke i årsverk på meir enn 10 prosent. Ser vi på 2017-2040-alternativet, vil 16 av kommunane få ein auke på over 50 prosent. Dette krev god planlegging av kommunane. Dette vil krevje ein større del tilsette innanfor omsorgssektoren enn tidelagre. Eit press på bemanning innanfor eldre og eldre pleietrengande. Ser vi begge dei tabellane i samanheng, så teiknar det seg eit bilete av at kommunane må ta grep både på investeringssida og på tenestesida.

Kommunane må førebu seg på at vi i Møre og Romsdal innan få år vil ha fleire eldre og færre arbeidsføre. Dei økonomiske konsekvensane vil vere merkbare. Det er viktig at kommunane tenker langsiktig og rustar seg for eldrebølga. Rullering av kommuneplanens sin samfunnsdel er såleis eit godt verktøy.


3 DRIFTSRESULTAT

Brutto driftsresultat (BDR) er driftsinntekter med fråtrekk av driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter, samt eventuelle pliktige avsetningar.

Netto driftsresultat (NDR) er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat.

Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag.

Frå brutto drift til netto drift i prosent av brutto driftsinntekt



Figur 5. Frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt

3.1 NETTO DRIFTSRESULTAT OG FORMUESBEVARINGSPRINSIPPET

Det norske reguleringsregimet for kommunesektoren er basert på formuesbevaringsprinsippet. Prinsippet inneber at ein kommunen si samla formue - realkapital og finansielle fordringar frå trekt gjelda, ikkje skal reduserast over tid.

Netto driftsresultat er sett på som den viktigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Det er tilråda frå Teknisk Berekningsutval (TBU) at netto

driftsresultat (NDR) over tid er minst 1,75 prosent (fom 2014) av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuesbevaringsprinsippet ivareteke.

3.2 BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 7. Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt					
		2015	2016	2017	2018
1502	Molde	4,7	5,3	3,8	1,1
1504	Ålesund	2,8	3,1	5,0	0,3
1505	Kristiansund	1,2	4,3	0,9	-1,4
1511	Vanylven	3,2	4,3	4,4	3,9
1514	Sande	-4,8	0,5	-0,1	-2,1
1515	Herøy	-0,2	4,6	-0,4	-1,3
1516	Ulstein	4,9	4,6	2,9	2,8
1517	Hareid	2,3	4,9	0,2	-0,3
1519	Volda	3,1	2,4	4,4	0,0
1520	Ørsta	3,9	1,5	0,2	-0,1
1523	Ørskog	-2,9	0,7	2,8	-0,4
1524	Norrdal	0,3	1,0	7,1	-3,4
1525	Stranda	3,8	9,9	7,4	4,8
1526	Stordal	-1,2	-4,2	-3,6	-1,2
1528	Sykkylven	3,3	5,0	1,0	0,0
1529	Skodje	3,7	4,1	3,7	3,1
1531	Sula	2,2	3,2	0,9	-1,4
1532	Giske	0,7	3,6	3,8	2,8
1534	Haram	0,8	1,1	-0,4	0,8
1535	Vestnes	1,2	-0,4	-0,2	0,6
1539	Rauma	-0,9	2,8	2,4	0,4
1543	Neset	1,3	1,3	1,1	0,6
1545	Midsund	2,5	3,0	-2,3	2,9
1546	Sandøy	-2,7	-1,3	-1,6	-3,0
1547	Aukra	16,1	24,6	20,0	23,2
1548	Fræna	5,6	5,1	7,0	0,5
1551	Eide	2,1	-1,1	-3,9	-5,2
1554	Averøy	5,0	4,0	2,9	4,7
1557	Gjemnes	6,7	5,4	2,3	3,9
1560	Tingvoll	3,7	2,8	6,3	5,6
1563	Sunndal	2,8	3,0	0,9	-1,6
1566	Surnadal	-0,5	0,1	1,4	-2,2
1567	Rindal	-1,0	3,3	1,0	-2,3
1571	Halsa	7,3	7,0	2,6	2,9
1573	Smøla	0,4	2,4	-0,7	11,5
1576	Aure	5,9	7,8	4,6	4,2
EKA15	Møre og Romsdal	2,8	4,0	3,1	1,2
EKA15	M&R korrigert	2,1	3,1	2,0	0,9
EAKUO	Landet utan Oslo	2,5	3,7	3,0	1,7

Brutto driftsresultat (BDR) er kommunen sine driftsinntekter (skatt, statstilskot, og gebyr) minus kommunen sine driftsutgifter (lønningar, og varer og tenester) inkludert avskrivning.

Tabell 7. Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt viser at for Møre og Romsdal er brutto driftsinntekter forverra frå 3,1 prosent til 1,2 prosent.

Landet, utanom Oslo, har i 2018 hatt ein reduksjon av brutto driftsinntekter frå 3 prosent til 1,7 prosent. Det er 14 kommunar i fylket har eit negativt brutto driftsresultat.

Størst positiv endring har Smøla kommune frå -0,7 prosent i 2017 til 11,5 prosent i 2018, og den mest negative endringa har Norddal kommune frå positive 7,1 prosent i 2017 til negative 3,4 prosent i 2018.

3.3 NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat er driftsinntekter frå trekt driftsutgifter, renter og avdrag. Forskjellen mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av kommunen sine inntekter som går til renter og avdrag. Netto driftsresultat viser kva kommunane har igjen til avsetting og investering.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for å vurdere den økonomiske tilstanden til kommunane i Noreg. Når ein ser på netto driftsresultat er nivået for kommunane i fylket redusert i forhold til 2017. Kommunane hadde i 2018 eit netto driftsresultat på 1,2 prosent. Korrigert for Aukra kommune er netto driftsresultat for Møre og Romsdal på 0,9 prosent, som er ein reduksjon på om lag 60 % i forhold til 2017 tal.

Slike tal kan tyde på at kommunane i Møre og Romsdal har eit høgare utgiftsnivå knytt til drift enn landet, utanom Oslo, og over tid har hatt eit for høgt investeringsnivå.

Tabell 8. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter					
	År	2015	2016	2017	2018
1502	Molde	3,3	4,6	3,7	1,2
1504	Ålesund	1,8	2,1	5,1	0,9
1505	Kristiansund	0,5	3,4	1,0	-0,9
1511	Vanylven	3,5	5,1	5,0	4,7
1514	Sande	-3,1	1,6	2,6	-1,1
1515	Herøy	0,6	6,3	1,6	0,1
1516	Ulstein	2,8	2,1	0,7	0,7
1517	Hareid	2,6	4,4	0,3	-0,3
1519	Volda	3,1	2,7	4,6	0,7
1520	Ørsta	4,3	2,5	1,1	0,3
1523	Ørskog	-2,6	0,3	2,2	-1,9
1524	Norrdal	-1,7	0,7	8,9	-2,3
1525	Stranda	0,1	6,8	5,3	2,9
1526	Stordal	-0,8	-3,3	-1,8	-1,5
1528	Sykkylven	8,3	5,9	1,8	0,3
1529	Skodje	1,9	3,5	3,8	3,0
1531	Sula	2,4	3,3	1,3	-1,3
1532	Giske	-2,9	1,0	2,3	-0,5
1534	Haram	0,1	0,3	2,0	-0,4
1535	Vestnes	-0,6	0,5	0,9	1,4
1539	Rauma	-1,3	3,4	2,4	0,9
1543	Neset	1,6	1,7	1,3	1,5
1545	Midsund	1,5	2,0	-3,1	2,5
1546	Sandøy	-2,5	1,5	2,6	-1,6
1548	Fræna	4,7	4,9	7,4	0,5
1551	Eide	1,6	-1,4	-3,3	-6,1
1554	Averøy	2,8	1,6	1,1	3,2
1557	Gjemnes	6,2	5,9	2,8	4,3
1560	Tingvoll	0,9	0,4	4,3	4,3
1563	Sunndal	3,6	3,0	2,1	-0,4
1566	Surnadal	0,8	0,5	1,7	-2,3
1567	Rindal	0,9	5,0	3,2	-0,5
1571	Halsa	6,9	6,8	3,2	3,5
1573	Smøla	0,8	3,0	-1,3	11,5
1576	Aure	1,2	2,7	-0,3	4,0
EKA15	Møre og Romsdal korr.	1,5	2,7	2,2	0,9
EKA15	Møre og Romsdal	2,2	3,5	3,3	1,2
	Landet utan Oslo	2,9	4,1	3,7	2,2

Tabell 8. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter viser at alle dei tre store byane i Møre og Romsdal har ei negative utvikling. Kristiansund har ein nedgang frå 1,0 prosent til -0,9 prosent. Ålesund har ein betydeleg nedgang frå 5,1 prosent til 0,9 prosent. Molde har også hatt ein nedgang i netto driftsresultat på frå 3,7 prosent til 1,2 prosent.

Surnadal har ei stor endring frå 1,7 prosent til -2,3 prosent i 2018. Smøla har den største positive endringa frå -1,3 prosent i 2017 til 11,5 prosent i 2018. Dette skyldast tilførte midlar frå havbruksfondet.

Når ein ser på kva kommunane i Møre og Romsdal dei siste åra har fått i ekstraordinære skatteinntekter og

havbruksfond midlar og effekten av dette på netto driftsresultat, så er det sannsynleg at netto driftsresultat korrigert for havbruksfond og auka skatteinntekt er lågare.

Både Møre og Romsdal og landet, utanom Oslo, har hatt ein nedgang. Møre og Romsdal har hatt ein større nedgang enn landet, utan Oslo, der 14 kommunar leverer negativt resultat, ei stor auke frå 2017.

For Møre og Romsdal er det den same trenden som for landet, utanom Oslo. Det tydar på at det ikkje berre er lokale forhold som påverkar netto driftsresultat hos kommunane. I 2018 var det ein kostnadsvekst (deflator) på 3 % og auka utgifter grunna høgare straumprisar som reduserte realverdien av kommunesektoren sine inntekter med ca. 1,9 milliardar. Veksten i dei frie inntektene har dei siste 2 åra blitt noko svakare for kommunane. Regjeringa varslar at kommunane må ha fokus på effektivisering og digitalisering av tenestene for å få meir ut av inntektene.

Det er sjølv sagt fleire grunnar til at resultatata blir slik. I dei føregåande åra har kommunane hatt ekstraordinære inntekter gjennom skatteinngang, i tillegg til midlar utbetalt frå havbruksfondet. Tilførselen til kommuneøkonomien av ekstraordinære midlar har gjort at kommunane har hatt meir handlingsrom nokre år i høve til normalen. Dette kan ha medført til eit høgare kostnadsnivå for fleire kommunar, og kan vere ei av forklaringane til negative driftsresultat.

Ein kommune kan òg ha eit betre netto driftsresultat enn brutto driftsresultat dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt netto driftsresultat vil seie at kommunen har opparbeidd seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nytte godt av ved eit seinare høve; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Viser netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter.

4 INVESTERINGAR

Investeringar i kommunen er knytt til behova kommunane har, og påverknad av andre aktørar og forhold utanfor kommunen. Blant anna nivå på innlånsrenta, høgare krav til bygningsmassen kommunen eig, strengare krav til infrastruktur, eksempel kan vere klimautfordringar. Nasjonale politiske satsingar spelar også inn i kommunen sine investeringsplanar. Ein må og ta med investeringar knytt til at vi blir fleire eldre, tenestetilbodet vil måtte justerast mot fleire eldre, noko som vil påverke investeringane til kommunane i stor grad framover.

Kommunane kan låne til investeringar, men ikkje til drift, jamfør kommunelova. Kommunane kan også finansiere investeringar med egne midlar. Ei undersøking gjennomført av Statistisk sentralbyrå i 2019 stadfestar at mellom 50 og 75 prosent av investeringane er finansiert med lån, dei siste 10 åra. Investeringane har vore størst innanfor område som vatn, avløp og renovasjon,

grunnskule, helse- og omsorg og kommunale bustadar. Ein annan effekt av det høge investeringsnivået i kommunane er at sidan 2000-talet har kommunane sine inntekter vore høgare enn utgiftene til drift. Med den konsekvens at utgiftene til investeringar har ført til at kommuneforvaltninga har fått raude tal.

Ein av grunnane til at investeringsnivået har auka sidan 2000-talet er dei statlege kompensasjonsordningane, eksempel på dette er:

Tilbakebetaling av rente på lån brukt til investering i skulebygg og symjeanlegg.

Dekking av renteutgifter til oppgradering av kyrkjebygg.

Kompensasjonsordning for transporttiltak.

Kommunane i Møre og Romsdal har og løfta investeringsnivået i takt med auka handlingsrom gjennom skatteinntekter og tilgjengelege midlar av havbruksfondet. Det har vore ein reduksjon av veksten i gjeld knytt til konvertering av kortsiktige lån (sertifikatlån).

4.1 GJELD

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt i tabell 9 viser at netto lånegjeld for landet utan Oslo, har auka meir enn for Møre og Romsdal. Auken frå 2016 til 2017 for landet utan Oslo, var på 1,7 prosent. Frå 2017 til 2018 var auken til samanlikning på 3,4 prosent. Møre og Romsdal hadde ei auke på 4,5 prosent i 2017 mot 1,4 prosent i 2018 i netto gjeld i prosent av brutto driftsinntekt.

Tabell 9. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt		2015	2016	2017	2018
1502	Molde	130,3	133,6	129,1	136,0
1504	Ålesund	100,5	102,5	96,5	92,9
1505	Kristiansund	93,0	93,2	100,8	114,0
1511	Vanylven	75,3	66,6	65,1	64,5
1514	Sande	84,2	86,5	86,0	93,7
1515	Herøy	99,2	105,6	110,1	105,7
1516	Ulstein	192,2	194,0	199,8	189,7
1517	Hareid	86,6	80,6	79,9	85,8
1519	Volda	93,0	99,7	110,4	116,1
1520	Ørsta	78,1	82,7	95,2	109,6
1523	Ørskog	77,9	96,5	133,7	149,7
1524	Norddal	133,6	136,8	117,4	118,4
1525	Stranda	175,1	159,6	174,2	142,5
1526	Stordal	113,2	109,0	113,7	116,3
1528	Sykkylven	91,2	84,3	91,7	92,3
1529	Skodje	92,5	88,7	86,6	96,7
1531	Sula	104,7	110,4	117,3	123,8
1532	Giske	163,5	155,4	147,4	145,0
1534	Haram	96,7	126,1	127,4	109,3
1535	Vestnes	50,4	55,3	58,5	66,5
1539	Rauma	68,1	86,4	114,8	97,5
1543	Nesset	84,8	95,2	100,8	101,4
1545	Midsund	79,8	78,6	82,9	81,9
1546	Sandøy	85,4	99,2	143,1	195,0
1547	Aukra	67,1	64,6	76,4	66,4
1548	Fræna	77,6	76,7	74,3	83,4
1551	Eide	93,5	97,1	101,1	105,7
1554	Averøy	119,2	113,0	107,7	99,4
1557	Gjemnes	66,6	65,2	65,2	65,5
1560	Tingvoll	110,6	100,4	95,9	90,3
1563	Sunnadal	62,6	58,1	60,0	64,8
1566	Surnadal	68,5	64,3	61,4	64,8
1567	Rindal	70,1	72,3	71,9	72,9
1571	Halsa	83,2	78,0	73,2	69,4
1573	Smøla	61,6	82,3	103,1	88,4
1576	Aure	52,3	63,7	62,8	62,0
EKA15	Møre og Romsdal	98,1	100,5	103,1	104,4
EKA15	M&R korr	99,4	101,8	106,8	108,0
EAKUO	Landet utan Oslo	82,3	83,1	84,5	87,5

Nivået på nettogjeld for Møre og Romsdal er betydeleg høgare enn for landet, utanom Oslo. Kommunane Sandøy og Ulstein har høgast netto gjeld. Møre og Romsdal har 23 kommunar som er over snittet for landet, utanom Oslo, og av desse har 16 av kommunane ei nettogjeld i prosent av brutto driftsinntekt over 100.

Det at kommunane i fylket har ei høg gjeld påverkar fleire forhold. Rente- og avdragsbelastninga for kommunane aukar, også gjennom auka minimumsavdrag. Resultatet kan vere at utviklingsprosjekt må vente fordi gjeldsbelastning spis av ledige likvide midlar.

4.2 RENTEEKSPONERT GJELD

23 av kommunane i Møre og Romsdal har meir i renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter enn snittet for landet, utanom Oslo. Det betyr at kommunane i fylket er særleg sårbare for renteauke.

Tabell 10. Renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsresultat

Renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekt					
		2015	2016	2017	2018
1502	Molde	98,7	104,3	108,0	115,6
1504	Ålesund	67,5	74,5	69,1	64,4
1505	Kristiansund	54,5	59,4	65,5	77,4
1511	Vanylven	55,5	48,6	45,8	47,3
1514	Sande	46,8	56,0	56,4	63,8
1515	Herøy	74,3	82,3	86,3	82,6
1516	Ulstein	155,3	162,7	169,5	159,3
1517	Hareid	53,6	53,1	54,0	79,2
1519	Volda	72,7	81,7	92,4	97,7
1520	Ørsta	50,2	58,0	71,5	87,0
1523	Ørskog	59,7	80,6	118,0	.
1524	Norddal	117,4	122,9	105,7	107,0
1525	Stranda	163,6	123,1	135,1	.
1526	Stordal	62,7	92,6	97,7	101,5
1528	Sykkylven	63,5	71,4	71,3	75,1
1529	Skodje	72,4	71,2	79,8	90,6
1531	Sula	66,5	75,8	79,8	83,3
1532	Giske	122,5	121,7	112,6	109,5
1534	Haram	61,8	97,2	100,3	83,5
1535	Vestnes	35,9	41,6	46,3	53,9
1539	Rauma	47,4	69,4	98,0	80,2
1543	Nesset	63,6	74,2	78,7	78,7
1545	Midsund	62,4	61,0	66,5	.
1546	Sandøy	55,4	71,2	110,1	156,6
1547	Aukra	42,7	44,5	57,2	48,3
1548	Fræna	40,5	43,9	43,3	52,9
1551	Eide	75,6	81,2	84,8	89,5
1554	Averøy	95,8	92,1	85,7	76,5
1557	Gjemnes	51,3	49,0	49,5	49,8
1560	Tingvoll	80,7	75,3	72,5	68,3
1563	Sunnadal	48,9	46,1	47,1	50,9
1566	Surnadal	51,4	50,2	48,3	52,0
1567	Rindal	45,7	53,1	52,4	53,8
1571	Halsa	69,0	66,4	62,6	60,3
1573	Smøla	23,1	52,4	73,6	63,7
1576	Aure	29,6	43,1	42,1	41,5
EKA15	M&R korr	68,8	74,5	79,9	73,1
EKA15	Møre og Romsdal	69,6	75,4	78,9	81,1
EAKUO	Landet utan Oslo	52,6	57,8	59,6	62,2


Konsekvens av høg renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, er at kommunane er sårbare for renteauke.

Tabell 11. Rentejustert netto driftsresultat i kroner.

Beløp (1000 kr)	2018				2018		
		Rente- ekspontert gjeld	Margin- auke (alt 1)	Nettodrifts- resultat alt 1	Netto- drifts- resultat	Margin- auke (alt 2)	Nettodrifts res alt 2
			0,0050	0,0050		0,0300	0,0300
1502	Molde	2 74 9639	13 748	13 820	27 568	82 489	-54 921
1504	Ålesund	2 456 337	12 282	20 640	32 922	73 690	-40 768
1505	Kristiansund	1 593 600	7 968	-27 004	-19 036	47 808	-66 844
1511	Vanylven	161 090	805	15 084	15 889	4 833	11 056
1514	Sande	161 543	808	-3 609	-2 801	4 846	-7 647
1515	Herøy	564 967	2 825	-1 908	917	16 949	-16 032
1516	Ulstein	1 180 376	5 902	-1 058	4 844	35 411	-30 567
1517	Hareid	342 835	1 714	-3 066	-1 352	10 285	-11 637
1519	Volda	903 302	4 517	1 690	6 207	27 099	-20 892
1520	Ørsta	77 0131	3 851	-926	2 925	23 104	-20 179
1523	Ørskog	.					
1524	Norddal	224 343	1 122	-5 905	-4 783	6 730	-11 513
1525	Stranda	.					
1526	Stordal	120 410	602	-2 341	-1 739	3 612	-5 351
1528	Sykkylven	413 733	2 069	-363	1 706	12 412	-10 706
1529	Skodje	355 233	1 776	10 089	11 865	10 657	1 208
1531	Sula	589 577	2 948	-12 490	-9 542	17 687	-27 229
1532	Giske	700 414	3 502	-6 539	-3 037	21 012	-24 049
1534	Haram	601 052	3 005	-5 990	-2 985	18 032	-21 017
1535	Vestnes	365 261	1 826	7 719	9 545	10 958	-1 413
1539	Rauma	540 648	2 703	3 228	5 931	16 219	-10 288
1543	Nesset	248 289	1 241	3 595	4 836	7 449	-2 613
1545	Midsund	.					
1546	Sandøy	209 499	1 047	-3 167	-2 120	6 285	-8 405
1547	Aukra	292 594	1 463	136 699	138 162	8 778	129 384
1548	Fræna	463 472	2 317	1 774	4 091	13 904	-9 813
1551	Eide	276 925	1 385	-20 333	-18 948	8 308	-27 256
1554	Averøy	364 656	1 823	13 319	15 142	10 940	4 202
1557	Gjemnes	122 562	613	10 013	10 626	3 677	6 949
1560	Tingvoll	224 378	1 122	12 901	14 023	6 731	7 292
1563	Sunndal	407 126	2 036	-5 584	-3 548	12 214	-15 762
1566	Surnadal	292 410	1 462	-14 631	-13 169	8 772	-21 941
1567	Rindal	116 134	5 81	-1 715	-1 134	3 484	-4 618
1571	Halsa	116 476	582	6 206	6 788	3 494	3 294
1573	Smøla	187 947	940	33 020	33 960	5 638	28 322
1576	Aure	173 982	870	15 771	166 41	5 219	11 422
EKA15	Møre og Romsdal	19 333 394	96 667	197 025	293 692	580 002	-286 310
EAKUO	Landet utan Oslo	250 013 501	1 250 068	7 544 517	8 794 585	7 500 405	1 294 180

Når ein testar netto driftsresultat i kroner for kommunane i Møre og Romsdal for 2018 med ei auke i renta på 50 basispunkt blir samla netto driftsresultat redusert med 96 millionar kroner.

Viss renta hadde auka med 50 basispunkt no, hadde vi hatt 17 kommunar i Møre og Romsdal med negativt netto driftsresultat.



Figur 6. Styringsrenta 1991-2017, nominell, års gjennomsnitt. www.norges-bank.no

Tabell 9. Rentejustert netto driftsresultat viser og konsekvensen av ein auke på 3 prosent i styringsrenta, då har vi ei styringsrente på 4,25 prosent.

Figur 6. Styringsrenta 1991-2017, viser at ei styringsrente på det nivået ikkje er umogleg. Med ei styringsrente på 4,25 prosent vil heile 24 av kommunane i Møre og Romsdal ha eit negativt netto driftsresultat

Tabell 12. Offentleg bruttogjeld i kommuneforvaltninga

Offentlig bruttogjeld					
Kommuneforvaltningen					
	2015K1	2016K1	2017K1	2018K1	2019K1
Sertifikater og statskasseveksler	45 827	62 021	55 913	57 187	54 226
Obligasjoner	79 133	79 824	91 889	101 060	103 229
Lån	317 099	325 616	348 916	361 651	402 918
Bruttogjeld i alt	442 059	467 461	496 718	519 898	560 373
% andel sertifikat og statsveksler	10,36	13,26	11,25	10,99	9,67

Tabell 12. Offentleg bruttogjeld i kommuneforvaltninga viser at sertifikatlån for kommuneforvaltninga har gått ned. For 1. kvartal 2019 utgjør lån i sertifikatmarknadane knappe 10 prosent av bruttogjelda i alt. I 1. kvartal 2016 var storleiken på sertifikatlån 13,3 prosent av

bruttogjeld i alt. Dette styrker trenden vi har sett i samansetning av gjeld hos kommunane. Kommunane har dreidd meir mot langsiktig finansiering, dette for å få ein meir pårekneleg finansieringspolitikk i kommunen. Ein ser også teikn på at kommunane rentesikrar låna sine meir. Dette er også eit svar på usikkerheita rund styringsrenta.


4.3 GJELD I KOMMUNANE

Kommunane er store låneaktørar, dei hentar nær halvparten av si eksterne finansiering frå Kommunalbanken, resten hentar dei i det internasjonale obligasjons- og sertifikatmarknaden. Obligasjonslån er typiske låneavtalar utover 12 månadar, sertifikatlån er låneavtalar inntil 12 månadar. Det har vore ei dreiging frå sertifikatlån til obligasjonslån.

Kommunane har ei svært god kreditt rating og oppnår gode vilkår i den internasjonale marknaden. Signala frå private bankar er at den gode ratinga ikkje lenger er ei sjølvfølge. Dette skuldast meir press på kapitalen både nasjonalt og internasjonalt, samt at den høge gjeldsgrada over tid kombinert med låge likvide midlar aukar prisen på risiko for bankane. Jamfør ovanstående avsnitt om renteeksponert gjeld bør kommunane førebu seg på at finansieringskostnadane vil auke. Dei sikraste signala vi har er Norges Bank sine prognosar. Dei vurderer at i 2022 vil styringsrenta vere på 1,75 prosent. Styringsrenta er utgangspunktet når bankane prisar sine lån. Påslaget frå bankane vil varierer noko, og vere ein konsekvens av den økonomiske tilstanden til den enkelte kommune.

Fylkesmannen rår til at kommunane no, medan vi ennå har ei historisk låg styringsrente, førebur seg på at utgiftene ved å bruke eksterne långivarar vil auke. Kommunane bør vere realistiske i høve til budsjett og planlagde nye store investeringar. Her kan ein bruke plan verktøyet, og stressteste budsjetta.

Figur 7. Kredittkjelde viser kor kommunane hentar finansieringa si, samt utviklinga frå 2001 til 2017. Ein ser at det har vore eit skifte der obligasjonsgjeld og verdipapirlån har overtatt for sertifikatlån.




Figur 7. Kredittkjelde

Investeringar driv gjeldsveksten til kommunane. Kommunane kan låne pengar til å finansiere investeringar, men kan ikkje låne til å finansierer drifta. Finansieringsgraden for ekstern finansiering av investeringane til kommunane har vore mellom 50 og 75 prosent dei siste 10 åra. Kommunane låner til investeringar innafor vann-, avlaup – og renovasjon (VAR), grunnskule, helse og omsorg og kommunale bustader. Sidan 2000 talet har inntektene vore høgare enn driftsutgiftene, men utgiftene til investeringar har ført til at kommuneforvaltninga har gått med underskot.


Ein må og sjå veksten i den kommunale gjelda i samanheng med utviklinga i rentenivået i Noreg. I etterkant av finanskrisa i 2008 var snittet av lånerenta til kommunane på ca. 6 prosent. I 2017 var snittrenta på 1,7 prosent. Den samla rentebelastninga har gått ned, sjølv om samla gjeld har auka.

Gjeldsoppbygginga i kommunane kan og ha samanheng med korleis staten støttar dei ulike investeringsprosjekta. Staten har betalt rentekompensasjon i staden for å gi direkte støtte. Dette har gjort at kommunane har finansiert meir av investeringane gjennom ekstern finansiering, og bygd opp si eiga gjeld.



Figur 8. Samla netto renteeksponering for Norge.

Det er ein svakare vekst av gjeld til kommunesektoren no enn tidlegare, årsaka er knytt til ein reduksjon av sertifikatlån, netto renteeksponert gjeld er redusert og ein sterk vekst gjennom ekstraordinære skatteinntekter.



Figur 9. Dekomponering av gjeld

Figur 9. Dekomponering av gjeld viser langsiktig gjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar.

Den langsiktige gjelda består av følgende komponentar:

- Renteeksponert gjeld er gjeld frå kredittinstitusjonar, obligasjonar og sertifikat.
- Netto lånegjeld er hovudindikatoren for å beskrive kommunen sin gjeldssituasjon, og er også brukt til å samanlikne lånegjelda mellom kommunane. Netto lånegjeld er gjeld som er renteeksponert og inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.
- Langsiktig gjeld er ein samlepost som består av dei ulike typane gjeld ein kommune har. Langsiktig gjeld er utlån og ubrukne lånemidlar. Utlån skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierende. Unytta lånemidlar blir ikkje definert som lånemidlar før dei er brukt, sjølv om dei inngår i avdrags- og renteutgifter i årsbudsjetta.
- Sjølvkostonlegg er definert som langsiktig gjeld, og er også ein del av nøkkeltalet netto lånegjeld, men ikkje med under avdrags- og rentegjeld.
- Rentegjeld er netto lånegjeld når ein justerer for rentekompensasjonsordningane. Kommunen må sjølv dekke rentene.

Figur 9. Dekomponering av gjeld viser storleiken på dei ulike komponentane i høve til totalen, og viser også kva som inngår i dei ulike nøkkeltala brukt i rapporten.

4.4 AUKE AV KOMMUNAR MED LITE BEREKRAFTIG GJELDSBELASTNING

Høg gjeld treng ikkje å vere negativt i seg sjølv. For ein kommune som har forutsetningar for å betene den samla gjelda på kort og lang sikt, kan det vere rasjonelt å ha høg gjeld. Det er ikkje eit mål at kommunane skal ha så låg gjeld som mogleg, viss konsekvensen er at dei ikkje klarer å møte nødvendige krav. Det er når gjelda reduserer kommunane sitt økonomiske handlingsrom, der konsekvensen er at dei ikkje klarer å levere eit berekraftig tilbod, at høg gjeld er eit problem.

Gjeldsnivået for mange av kommunane i Møre og Romsdal vil fortsette å auke, jamfør planlagde investeringar i vedtekne budsjett. Oppbygginga i lånegjeld vil påverke kommunane sine rente- og avdragsutgifter, dermed også framtidige driftsresultat. Dette vil igjen påverke moglegheita til å avsetje til fond og eigenfinansiering av investeringar.

4.5 LIKVIDE MIDLAR/DISPOSISJONSFOND

Eit godt netto driftsresultat er viktig for å bygge opp kommunane sine likvide midlar. Dette kan gjerast ved avsetning av overskott til blant anna disposisjonsfond. Oppbygging av midlar er viktig for å kunne ha eit berekraftig økonomisk handlingsrom, der midlane kan nyttast til drift -og investeringsføremål. Midlane kan brukast til upårekna utgifter gjennom året, samt til å rette opp ubalanse i kommuneøkonomien. Fylkesmannen rår til eit nivå over tid på minimum 5 prosent disposisjonsfond av brutto driftsinntekter.

Nøkkeltala arbeidskapital ex. premieavvik og likviditet blir ofte brukt som eit mål på det økonomiske handlingsrommet for ein kommune. Likviditet blir ofte skapt gjennom at ein har lågare kostnader enn inntekter. Ein får da eit resultat som er positivt og kan da avsette til blant anna disposisjonsfond. Storleiken på disposisjonsfondet er ofte brukt som eit uttrykk for handlingsrommet til kommunane. Arbeidskapital ex. premieavvik er eit uttrykk for likviditet. Med likviditet meinast kommunen si evne til å betale sine forpliktingar etter kvart som dei forfell.

Tabell 13. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt, viser at kommunane i Møre og Romsdal har ei større auke i avsetning til disposisjonsfond enn landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal går frå 6,5 prosent i 2017 til 7,9 prosent i 2018, medan landet utanom Oslo, går frå 9,9 prosent i 2017 til 11,1 prosent i 2018. Møre og Romsdal korrigert for Aukra kommune, viser ei auka frå 8,2 prosent til 9,9 prosent i det same tidsrommet.

12 av kommunane i Møre og Romsdal har ein reduksjon i disposisjonsfonda sine. Kristiansund og Norddal har i realiteten ikkje midlar på fond. Kommunane Stranda, Sande, Giske og Ålesund har disposisjonsfond som er lågare enn 1 prosent av brutto driftsinntekt. 23 av kommunane har eit disposisjonsfond over anbefalt nivå på 5 prosent. Nokre av kommunane har ei stor auke. Dette skuldast midlar frå havbruksfondet.

Tabell 13. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt.

Disposisjonsfond (K) i prosent av brutto driftsinntekt					
		2015	2016	2017	2018
1502	Molde	0,7	2,5	5,2	7,0
1504	Ålesund	0,7	0,8	0,8	0,9
1505	Kristiansund	0,0	0,0	0,2	0,1
1511	Vanylven	1,9	3,7	9,2	16,0
1514	Sande	0,0	0,0	0,0	0,1
1515	Herøy	1,3	2,6	6,1	5,8
1516	Ulstein	3,7	5,4	5,6	6,1
1517	Hareid	0,4	1,0	3,4	3,3
1519	Volda	4,9	7,9	10,3	12,8
1520	Ørsta	3,8	7,2	7,9	8,3
1523	Ørskog	6,3	1,0	1,3	2,9
1524	Norddal	0,2	0,4	0,0	0,0
1525	Stranda	1,7	1,5	1,3	0,3
1526	Stordal	11,0	8,1	6,2	5,6
1528	Sykkylven	0,2	1,0	3,9	3,6
1529	Skodje	8,6	9,2	10,6	10,1
1531	Sula	11,8	12,8	12,3	11,8
1532	Giske	0,1	0,5	0,5	0,4
1534	Haram	2,4	1,7	2,0	4,3
1535	Vestnes	0,2	0,3	0,8	3,3
1539	Rauma	0,5	0,7	1,2	3,3
1543	Neset	0,7	2,7	2,3	5,3
1545	Midsund	3,5	4,4	1,7	4,8
1546	Sandøy	27,9	21,1	23,7	24,5
1547	Aukra	47,2	67,4	72,7	88,4
1548	Fræna	1,4	5,3	7,9	9,1
1551	Eide	7,7	9,0	4,8	5,7
1554	Averøy	1,4	3,3	3,9	5,6
1557	Gjemnes	4,4	5,9	8,4	12,5
1560	Tingvoll	3,9	4,0	5,9	8,2
1563	Sunndal	12,0	13,8	15,3	17,9
1566	Surnadal	6,8	8,6	8,2	6,1
1567	Rindal	4,7	7,9	10,1	11,5
1571	Halsa	6,8	11,1	13,7	10,8
1573	Smøla	6,2	5,7	6,0	18,7
1576	Aure	14,4	15,1	14,1	12,2
EKA15	M&R korr	6,0	7,2	8,2	9,9
EKA15	Møre og Romsdal	4,0	5,5	6,5	7,9
	Landet utan Oslo	6,7	8,3	9,9	11,1

Arbeidskapital ex. premieavvik er eit utrykk for likviditet. Likviditet er eit utrykk for kommunen si evne til å betale sine forpliktingar etter kvart som dei forfell.

Tabell 14. Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsresultat					
	Kommunane	2015	2016	2017	2018
1502	Molde	19,4	26,6	24,1	18,4
1504	Ålesund	10,8	15,0	19,0	17,9
1505	Kristiansund	8,7	11,6	0,6	-1,9
1511	Vanylven	11,7	17,2	15,6	19,3
1514	Sande	29,0	22,1	27,1	22,1
1515	Herøy	16,9	19,2	18,5	24,5
1516	Ulstein	40,3	32,6	16,2	12,5
1517	Hareid	-0,9	5,2	7,4	4,0
1519	Volda	17,9	20,2	12,9	28,4
1520	Ørsta	8,5	16,0	13,3	4,1
1523	Ørskog	40,2	42,1	37,6	30,5
1524	Norddal	24,2	14,2	21,4	18,2
1525	Stranda	13,0	17,8	27,1	21,8
1526	Stordal	56,5	57,6	43,6	33,9
1528	Sykkylven	-9,0	-2,5	4,4	0,7
1529	Skodje	26,6	30,9	33,6	32,8
1531	Sula	39,8	37,0	35,3	29,4
1532	Giske	28,5	29,2	31,5	29,3
1534	Haram	108,2	108,3	102,9	107,6
1535	Vestnes	-8,1	-3,0	-2,2	-6,7
1539	Rauma	15,8	20,0	10,3	10,6
1543	Neset	19,9	16,4	13,5	14,1
1545	Midsund	28,2	24,9	8,6	11,2
1546	Sandøy	87,9	87,7	79,9	67,3
1547	Aukra	57,0	78,8	77,3	91,4
1548	Fræna	20,9	25,7	29,0	25,6
1551	Eide	26,1	23,2	20,2	13,8
1554	Averøy	9,7	10,4	10,1	9,7
1557	Gjemnes	17,0	17,8	20,4	20,9
1560	Tingvoll	10,2	10,0	12,9	13,7
1563	Sunndal	17,4	19,3	20,1	23,5
1566	Surnadal	9,2	8,0	9,8	9,7
1567	Rindal	-0,6	10,1	13,8	15,3
1571	Halsa	17,1	23,3	25,4	29,6
1573	Smøla	14,7	44,3	22,4	31,1
1576	Aure	29,4	31,0	31,9	26,6
EKA15	M&R korr	24,6	27,7	25,6	24,6
EKA15	Møre og Romsdal	19,9	23,5	21,8	21,0
EAKUO	Landet utan Oslo	19,0	20,9	21,7	21,8


Fleire av kommunane i Møre og Romsdal har prosentvise store reduksjonar i likvide midlar. Kristiansund kommune har hatt ei negativ utvikling, og er avhengig av ekstern finansiering og effektivisering av tenestene for å drive kommunen. Vestnes kommune har og hatt ei forverring av likvide midlar.

Den økonomiske bereevna til kommunane bekymrar Fylkesmannen. Oversikten over netto driftsresultat viser at 14 av kommunane i Møre og Romsdal har negativt netto driftsresultat. Den same oversikta viser at 25 av kommunane i Møre og Romsdal ikkje når TBU sitt anbefalte nivå på 1,75 prosent netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. I tillegg kjem ei lånegjeld som er blant dei høgaste i landet, der budsjetta viser at kommunane fortsett med og investere. Regjeringa har kome med signal om ei lågare vekst i frie inntekter. Trendane tyder på at kommunane går mot utfordrande tider med endringar i befolkningssamansetning, endringar i kommunestruktur, endringar i etterspurt tenestebehov blant innbyggjarar, og ikkje minst førespegla endringar i dei økonomiske rammevilkåra.

5 ROBEEK


Robek er registeret over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomiske ubalanse. Kommunar og fylkeskommunar i Robek må ha godkjenning frå Kommunal og moderniseringsdepartementet/Fylkesmannen for å foreta gyldige vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtaler. Kontrollen inneber også å kontrollere lovlegheita av budsjettvedtak.

ROBEK-historikk



Figur 10. Robek oppføringar 2001 -2018, landet.

Figur 10. Robek oppføringar frå 2001 til 2018, landet, viser at tala på Robek-kommunar for landet sidan 2007 har vore nokså stabil. I frå 2017 ser ein effekten av auka skatteinntekter. Historisk ser ein at Møre og Romsdal har vore godt representert med Robek -kommunar. I 2011 var det 10 kommunar frå Møre og Romsdal på lista mot 51 i landet. I 2019 har Møre og Romsdal 3 Robek-kommunar.



Figur 11. Robek Kart Møre og Romsdal 2019.

Robek registreringa i 2019 er historisk låg for Møre og Romsdal. Ein ser at dei kommunane som har følgt si eiga plan har eit godt utgangspunkt for ei berekraftig drift.

6 NY KOMMUNELOV

Stortinget vedtok ny kommunelov den 11. juni i 2018.

Storparten av den nye lova vil tre i kraft når dei nye kommunestyra og fylkestinga blir konstituert til hausten. Det er kommunestyre- og fylkestingval den 9. september i år og det enkelte kommunestyre og fylkesting må ha konstituerande møte innan utgangen av oktober.

Dei fleste kapitla i lova trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023. Det gjeld kapitla 1 til 13, 17 til 27 og 30 til 31, som handlar om dei generelle føresegnene i lova, føresegner om folkevalde og administrasjonen og føresegner om interkommunalt samarbeid. I tillegg gjeld det føresegner om eigenkontroll i kommunane og statleg kontroll og tilsyn.

Kapitla i lova vil såleis tre i kraft på ulike tidspunkt, avhengig av når det enkelte kommunestyret eller fylkestinget sitt konstituerande møte er etter valet. Dei resterande kapitla, mellom anna økonomiføresegna, trer i kraft 1. januar 2020. Kapitelet om internkontroll trer i kraft på eit seinare tidspunkt.

6.1 ØKONOMIREGLANE I NY KOMMUNELOV

I dette kapitelet vil vi gå litt nærare inn på dei største endringane i økonomireglane.

Økonomireglane skal i all hovudsak støtte opp om det kommunale sjølvstyret og trygge det finansielle grunnlaget for dei tenestene som kommunen har ansvar for. Økonomireglane skal støtte opp om staten sitt behov for styring av nasjonaløkonomien og gi kreditorane tryggleik for at kommunane kan dekke sine betalingsforpliktingar. Det er også sterkare fokus på langsiktig økonomiforvaltning.

6.2 ROBEEK

Nye vilkår for innmelding i ROBEEK er viss driftsrekneskapen til kommunekassa viser eit akkumulert meirforbruk som er større enn tre prosent av driftsinntektene. Meirforbruk må dekkast inn med ein gong, så lenge det er tilgjengeleg eigenkapital eller overskot. Det vil seie at kommunar som er i økonomisk ubalanse blir fanga opp på eit tidlegare tidspunkt enn før endringa.

6.3 ØKONOMIPLAN, BUDSJETT, ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING

Kommunestyret skal vedta finansielle måltal som eit verktøy for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Kommunestyret skal sjølv ta i bruk dei finansielle måltala, dei skal vere mål for kommunen sin økonomiske utvikling og gi moglegheita for lokale handlingsreglar for budsjettet og skape bevisstheit rundt den økonomiske situasjonen. Kommunestyret skal vedta økonomireglement. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal også vise utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Standardiserte oppstillingar av økonomi og bevillingar i årsbudsjettet, vil også gjelde for økonomiplanen. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova.

6.4 NY REGEL FOR BEREKNING AV MINIMUMSAVDRAG PÅ LÅN

Lån skal nedbetalast årleg, loven sett eit minimumskrav. For å få betre samsvar mellom kapitalslit og nedbetaling er metoden for berekning av minimumsavdraget endra.

Avdrag på lån. Berekningsformel:

$$\text{Minimumsavdrag} = \text{Sum avskrivningar} * (\text{rest lånegjeld} / \text{sum bokført verdi varige driftsmidlar})$$

For ein del kommunar vil dette gi kortare avdragstid og høgare avdragsutgifter. Dette kan føre til at fleire kommunar får auka minimumsavdrag som dei må ta høgde for i budsjetta sine.

Vi viser elles til kommunelova for meir detaljert informasjon. Det vil også komme tilbod om folkevaltopplæring i ny kommunelov våren 2020.

7 KJELDER

Kommunal og moderniseringsdepartementet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-113-s-20182019/id2644837/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneekonomi/robek-2/id449305/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneekonomi/kostra/id1233/>

Statistisk sentralbyrå:

<https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra>

<https://www.ssb.no/statbank>

<https://www.ssb.no/ssb-analyse/2019>

<https://www.ssb.no/offentlig-sektor/artikler-og-publikasjoner/gjelden-oket-raskere-enn-inntektene>

Norges bank:

<https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Styringsrenten/>

<https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Rentemoter/>

<https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Styringsrenten/Mer-om-styringsrenten/>

Rapporten er tilgjengeleg på vår heimeside:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneekonomi/>